




# Trafikksikringsplan

2023-2026



«La oss i fellesskap betra trafikktihøva og unngå farlege situasjonar i trafikken. Målet er at alle skal koma trygt fram.»



## Føreord

---

Me arbeidar for å gjera vegnettet og trafikantåtferd i bygda vår tryggare. Trafikksikringsplanen er følgeleg eit avgjerande plandokument. Konsekvensane av trafikkulykker for einskildindividet og for samfunnet er betydelege. Det løner seg å førebyggje.

Registrert tal trafikkulykkeskadde i Ulvik herad har auka - frå éin lettare skadd person i femårs-perioden 2012-2016, til fem lettare skadde og to hardt skadde personar i femårsperioden 2017-2021. Ingen er drepne i trafikken i heradet i dei nemnde periodane. Tala for Ulvik herad er relativt låge, men det er ikkje noko som tyder på at trafikktryggleiksutfordringane vert mindre framover, snarare tvert imot.

Det er grunn til å tru at bruk av distraherande teknologi under køyring er eit aukande problem. Bruken av elsparkesyklar aukar, og har ført til skade og utryggleik i trafikken i landet. Kva effekt innstrammingar frå nasjonalt hald vil ha på utviklinga, vil vise seg på sikt. Talet på møte- og utforkøyringsulykker og del førrarar som ikkje overheld fartsgrensa, eller er ruspåverka, er framleis høgt i landet. Samtidig aukar del eldre, og det forventast ein auke i del gåande og syklande grunna merksemld på klima og folkehelse. I tillegg har enkelte innvandrargruppar auka ulykkesrisiko. Fokus på trafikktryggleik er følgeleg svært viktig.

Me har vedteke at heradet som organisasjon m.a. skal arbeida med å verta «Trafikksikker kommune»-godkjend denne planperioden. Auka fokus på trafikktryggleik i kommunar t.d. gjennom tiltaket «Trafikksikker kommune» har ført til at kommunalt tilsette oppfører seg sikrare i trafikken og tenker meir på trafikktryggleik i kvardagen. Større fokus på haldningsarbeid og organisatorisk arbeid bryt med den tradisjonelle tankegangen, som fokuserer på fysiske trafikktryggleikstiltak, men er betydeleg rimelegare tiltak. Me vil uansett aldri kunna byggja oss ut av trafikktryggleiksutfordringane.

Me må syta for eit medvit om, og eit fokus på vår visjon for trafikken:

- Ingen skadde eller drepne i trafikken i Ulvik herad.
- Meir fysisk aktiv og berekraftig transport.
- Alle som ferdast på vegane i Ulvik herad skal kjenna seg trygge.

Me ynskjer å påverka innbyggjarane våre til å ferdast med minst mogleg risiko for å verta skadd. Målet er at alle skal koma trygt fram.

# Innhald

---

<b>Føreord</b>	<b>2</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>4</b>
1.1 Kva er Trafikksikringsplan 2023-2026?	4
1.2 Korleis skal trafikksikringsplanen nyttast?	4
1.3 Kven har medverka i planprosessen?	4
<b>2 Regionale og nasjonale føringer for trafikktrygging</b>	<b>5</b>
2.1 Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland	5
2.2 Regional transportplan – Vestland	5
2.3 Barna sin transportplan	6
2.4 Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik	6
2.5 Nasjonal transportplan	6
2.6 Trafikktryggingsarbeidet – samordning og organisering	7
2.7 FN sine berekraftsmål	7
<b>3 Presentasjon av heradet</b>	<b>8</b>
3.1 Kva vegsystem og trafikkmengd har heradet?	8
3.2 Kva trafikkutfordringar er det i heradet?	8
<b>4 Ulykkesanalyse 2012-2021</b>	<b>9</b>
4.1 Oppsummering	9
4.2 Statistikk	9
<b>5 Visjon, mål og strategiar</b>	<b>12</b>
5.1 Kva er vår visjon for trafikken?	12
5.2 Kva er våre mål og strategiar?	12
<b>6 Trafikksikringstiltak / Handlingsplan</b>	<b>13</b>
6.1 Styrka det organisatoriske trafikksikringsarbeidet og stimulera til samordna aktivitet	13
6.2 Stimulera til at trafikantar i heradet skal ha ei trafikksikker åtferd	14
6.3 Stimulera til berekraftig og fysisk aktiv transport	15
6.4 Leggja til rette for berekraftig og fysisk aktiv transport, og trygg ferdsle for gåande, syklande og andre mjuke trafikantar - især barn, eldre og funksjonsnedsette / Fysiske trafikksikringstiltak	15
6.5 Gjennomføra fysiske trafikksikringstiltak basert på innmeldte behov og grunnlag for prioritering	16
<b>Vedlegg 1. Organisering av trafikksikringsarbeidet</b>	<b>22</b>
<b>Vedlegg 2. Trafikksikker kommune</b>	<b>24</b>
<b>Vedlegg 3. Handlingsplan for trafikktrygging i Vestland 2022-2025</b>	<b>25</b>

# 1 Innleiing

---

## 1.1 Kva er Trafikksikringsplan 2023-2026?

Trafikksikringsplan 2023-2026 er eit verktøy som skal styra trafikktryggingsarbeidet på veg i Ulvik herad i planperioden. **Trafikktryggleik** handlar om:

å kunna bevege seg **trygt** i lokalmiljøet sitt,  
anten ein er fotgjengar, syklist eller bilist – barn, ungdom eller vaksen.

Trafikktryggingsarbeidet skal **redusera risikoen for skadar og ulykker blant alle trafikantgrupper i alle aldrar**. Det er eit viktig folkehelsetiltak.

Denne planen vidareførar Trafikksikringsplan 2018-2025, og byggjar på regionale og nasjonale føringar for trafikktryggingsarbeidet (sjå kapittel 3).

## 1.2 Korleis skal trafikksikringsplanen nyttast?

Trafikksikringsplanen skal:

- synleggjera heradet sin politikk på trafikksikringsområdet,
- sikra heilskapleg planlegging og forvalting,
- vera oppdatert slik at heradet kan søkje regionale mynde om tilskot til tiltak som styrkjer trafikktryggleiken på og langs veg i heradet.

For å sikra årleg fokus på trafikktryggleik, og at trafikksikringstiltak vert gjennomført, vil me innarbeida handlingsplanen i økonomiplanen, og setja av eit fast beløp til trafikktryggleik i budsjettet. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe<sup>1</sup> vil følgje opp arbeidet med trafikksikringsplanen jamleg.

## 1.3 Kven har medverka i planprosessen?

Planen byggjar på eit samarbeid med ulike einingar i heradet, Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk. Ungdomsråd, seniorråd, råd for funksjonshemma, innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv, mfl. har medverka til planen.

Planen er sendt til høyring til alle kommunen sine sektorar, Statens vegvesen, fylkeskommunen, politiet, Skyss og andre aktuelle instansar.

---

<sup>1</sup> Same gruppe kan ha ei kopling til Trafiksikker kommune-arbeidet, jf. punkt 6.1. Det kan gje synergiar.

## 2 Regionale og nasjonale føringar for trafikktrygging<sup>2</sup>

---

### 2.1 Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland

[Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025](#) har følgjande hovud- og delmål:

Færre skal omkomma eller verta hardt skadde i vegtrafikkulykker i fylket:

- a. Færre skal omkomma eller verta hardt skadde i møte- og utforkøyrlingsulykker.
- b. Færre mjuke trafikantar skal omkomma eller verta hardt skadde.
- c. Fleire trafikantar skal ha ei trafiksikker åtferd.
- d. Det organisatoriske trafikktryggingsarbeidet skal styrkast og stimulera til samordna aktivitet.<sup>3</sup>



### 2.2 Regional transportplan – Vestland

Hovudmålet i [Regional transportplan for Vestland 2022-2033](#) er:


**Eit trygt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet, berekraftig samfunnsutvikling.**

Til grunn for all samferdselsplanlegging ligg nullvisjonen om at **ingen skal verta drepne eller hardt skadd i trafikken**.

Strategi for mjuke trafikantar:

**Fleire skal gå eller sykla i staden for å nytta bil:**

- a. Sykkel skal vera føretrekt reisemåte i byar og større tettstader.
- b. Gåande skal kjenna seg trygge og få tilrettelagde snarvegar.
- c. 80 % av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykla til skulen. Avstandsulempene med å bu i distriktet skal reduserast.
- d. Energieffektive framkomstmiddel til dagleg bruk og erstatning for bil.



Strategi for berekraftig mobilitet:

**Utvikla eit velfungerande og berekraftig mobilitetssystem for innbyggjarar og samfunn i Vestland:**

- e. Mindre ulikskap (berekraftsmål 10)
- f. Berekraftige byar og lokalsamfunn (berekraftsmål 11)
- g. Stanse klimaendringane (berekraftsmål 13)
- h. Samarbeid for å nå måla (berekraftsmål 17)



<sup>2</sup> Me presenterer dei regionale føringane før dei nasjonale og internasjonale føringane fordi dei er meir «skreddersydde» for heradet.

<sup>3</sup> Trafiksikker kommune-godkjenning er viktig her.

## 2.3 Barna sin transportplan

Barn og unge er både dagens og framtidas trafikantar. Med [Barnas transportplan](#) vil regjeringa:

- a. gi barn gode mogleheter til å vera aktive og sjølvstendige trafikantar,
- b. ta omsyn til behovet til barn og unge i areal- og transportplanlegginga,
- c. prioritera ei ramme på 500 millioner kroner i første seksårsperiode til tiltak som betrar trafikktryggleiken for barn og unge, medrekna etablera ei tilskotsordning for å stimulera til lokalt arbeid for trygge skulevegar og nærmiljø.

## 2.4 Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik

[Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025](#) viser korleis ulike trafikktryggleiksaktørar (Statens vegvesen, Trygg Trafikk, politiet, Helse-direktoratet, fylkeskommunane, åtte storkommunar mfl.) saman skal kunne bidra til reduksjon i talet på drepne og hardt skadde i samsvar med nullvisjonen og Nasjonal transportplan.



Planen inneholder 179 tiltak knytt til **15 innsatsområde**, m.a.

- |  |   |
|--|---|
| a. fart,                                   | i. motorsykkel og moped,                                      |
| b. rus,                                    | j. møteulykker og utforkøyringsulykker,                       |
| c. bilbeltebruk og riktig sikring av barn, | k. bruk av ny teknologi i trafikktryggingsarbeidet,           |
| d. uoppmerksemd,                           | l. trafikktryggingsarbeid i offentlege og private verksemder. |
| e. barn (0-14 år),                         |   |
| f. ungdom og unge førarar,                 |   |
| g. eldre trafikantar,                      |   |
| h. gåande og syklande,                     |   |

## 2.5 Nasjonal transportplan

[Nasjonal transportplan 2022–2033](#) presenterer kokeis regjeringa dei neste tolv åra skal arbeida mot følgjande hovud- og delmål for transportsektoren, som byggjar opp under ei berekraftig utvikling:



Regjeringa har lagt vekt på å utvikle eit godt **transportsystem** som:

- gjev fridom og mogleheter for alle,
- aukar livskvaliteten,
- bidreg til verdiskaping,
- beskyttar og reddar liv,
- bidreg til betre helse, miljø og klima.

## 2.6 Trafikktryggingsarbeidet – samordning og organisering

I [Stortingsmelding 40 \(2015-2016\)](#) legg regjeringa til grunn at Noreg er verdsleiane innanfor trafikktryggleik på veg som følgje av målretta, tverrsektoriell, kunnskapsbasert og langsigktig innsats. Trafikkulykker utgjer likevel eit betydeleg samfunnsproblem, og omfanget av tapte liv er uakzeptabelt. Trafikktryggleik må difor framleis ha høg prioritet, med nullvisjonen som eit av hovudmåla for transportpolitikken.

Regjeringa vektlegg:

- ei brei tilnærming i trafikktryggingsarbeidet,
- ein målretta innsats mot dei alvorlegaste ulykkestypane,
- ein målretta innsats overfor risikogrupper,
- trafikantretta trafikktryggingsarbeid.

## 2.7 FN sine berekraftsmål

Regjeringa forventar<sup>4</sup> at me legg FN sine berekraftsmål<sup>5</sup> til grunn for samfunns- og arealplanlegging. Føgljande mål er mest relevante for det kommunale trafikktryggingsarbeidet:



Delmål 3.6) Innan 2030 halvera talet på dødsfall og skadar i verda som skriv seg frå trafikkulykker.



Delmål 4.7) Innan 2030 sikra at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremja berekraftig utvikling [...]



Delmål 11.2) Innan 2030 sørgra for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betra tryggleiken på vegane [...] med særleg vekt på behova til [...] barn.



Stimulera til og fremja velfungerande partnarskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet [...].


<sup>4</sup> [https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan\\_bygningsloven/planlegging/fagtema/baerekraft\\_i\\_planlegging/id2846205/](https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/fagtema/baerekraft_i_planlegging/id2846205/)

<sup>5</sup> Berekraftsmåla er felles arbeidsplanen for verda, som mellom anna skal bidra til å sikra god helse, motverka ulikskap, og stansa klimaendringane innan 2030.

### 3 Presentasjon av heradet

#### 3.1 Kva vegsystem og trafikkmengd har heradet?

Kartet under viser riks- og fylkesvegane i heradet. Riksveg 13 går over Hardangerbrua inn i Vallaviktunnelen. Frå Vallavik kan ein følge fylkesveg 5378 langs fjorden til Djupavika eller fylkesveg 572 til sentrum av Ulvik. Herfrå går det fylkesvegar til Espeland (fv 5380), Ljono (fv 5381) og Osa (fv 5374). Siste veg har ein sideveg til Rondestveit (fv 5376).



Kjelde: [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)

Kartet viser òg gjennomsnittstal for dagleg trafikkmengd for året 2021. Til dømes kørde det i 2021 i gjennomsnitt 2600 bilar dagleg på riksveg 13 over Hardangerbrua, og på fylkesveg 572 inn til Ulvik ca. 600 bilar. Mellom Ulvik og Lekve, på fylkesveg 5374, var gjennomsnittstrafikkmengda per dag ca. 1100 bilar i 2021. Elles i heradet var trafikkmengda lågare.

#### 3.2 Kva trafikkutfordringar er det i heradet?

Heradet har fleire utfordringar knytt til trygt gåareal og trygg skuleveg (sjå [tabell 6.1](#) fysiske trafikksikringstiltak). Det manglar til dømes fortau og fartsreduserande tiltak ulike stader.

Om sommaren er det mykje sesongtrafikk, dvs. gåande, syklistar, motorsyklar, bilar, bobilar og bussar. Den siste tida har større grupper/kolonner med syklar og motorsyklar kome over fjellet frå Granvin. Sesongtrafikken er ikkje like godt kjend med dei trafikale og trafikktryggleiksmessige utfordringane i heradet, og delar av vegnettet er ikkje dimensjonert for ein slik trafikkauke. Alt dette fører til større fare for trafikkulykker, men berre deler av sesongtrafikken kjem i konflikt med trafikken til og frå skulen og barnehagen.

## 4 Ulykkesanalyse 2012-2021

### 4.1 Oppsummering

Registeret til politiet<sup>6</sup> viser følgjande for Ulvik herad, i tida 2012-2021:

- 5 trafikkulykker med personskade,
  - 4 i åra 2018 og 2019,
  - 3 på fylkesveg 5380 til Espeland,
- 8 skadde – halvparten mjuke trafikantar<sup>7</sup>,
  - 2 hardt skadde syklistar.

Ifølge [vekart.no](#) og [hjorteviltregisteret.no](#), var det i Ulvik herad, i åra 2016-2021/22:

- 0 ulykker med personskade knytt til:
  - 18 skred
  - 6 viltpåkøyrlar.

Tal personskade-ulykker har auka, frå ein i åra 2012-2016, til fire i åra 2017-2021.<sup>8</sup>

#### Statistikken til politiet gjev ikkje eit fullgott bilet

Tal skadde syklistar og fotgjengarar er betydeleg underrapportert<sup>9</sup> i statistikken til politiet. I tillegg omfattar ikkje statistikken:

- Nesten-ulykker,
- ulykker utan personskade,
- ulykker med folk frå Ulvik utanfor heradet.

### 4.2 Statistikk

**Figur 4.1 Trafikkulykker med personskade, etter skadegrad, trafikanttype, vegnr, alder. 2012-2021**






<sup>6</sup> Statistikken omfattar dødsulykker og andre ulykker med personskade som er meldt til politiet. Trafikkulykkene som inngår i statistikken har skjedd på offentleg eller privat veg, gate eller plass som er open for alminneleg trafikk.

<sup>7</sup> Trafikantar som ved samanstøtar med andre trafikantar ikkje er verna av eit omgivande kollisjonsvern, dvs. fotgjengarar, syklistar, skigåare, barnevogn-, rullestol-, sparkbrukarar og til dels òg mopedistar og motor-syklistar.

<sup>8</sup> Men i femårsperiodane 2007-11 og 2002-06 var tal personskade-ulykker høgare, 15 i kvar periode.

<sup>9</sup> Trygg Trafikk (2019) [Skaderegistreringsrapport2019\\_nett\\_oppslag.pdf](#) ([tryggtrafikk.no](#))



**Ulykker med personskade, fordelt på alder**

Aldersgruppe	Sykkel	M C	Perso nbil	Vare bil	Total
15 - 17	1				1
35 - 44	1		1		2
45 - 54	1		1		2
65 - 69				2	2
70 - 74		1			1
	3	1	2	2	8

Kjelde: Statens vegvesen

**Tabell 4.1 Trafikkulykker med personskade, etter type, fartsgrense, føre-, lys- og værforhold, vekedag. 2012-2021**

Vegobjekt-id	Ulykke 1	Ulykke 2	Ulykke 3	Ulykke 4	Ulykke 5
Tal mc					1
Tal moped	1				
Tal personbil			1	1	
Tal sykkel	1	2			
Tal varebil			1		
Type ulykke	Andre ulykker	Same køyreretning	Kryssande køyreretning	Utforkøring	Utforkøring
Fartsgrense (km/t)	60	80	80	80	80
Føreforhold	Tørr, bar veg	Våt, bar veg	Snø / isbelagt veg	Tørr, bar veg	Tørr, bar veg
Lysforhold	Dagslys	Dagslys	Mørkt med veglys	Dagslys	Dagslys
Værforhold	God sikt, opphold	God sikt, nedbør	God sikt, nedbør	God sikt, opphold	God sikt, opphold
Vekedag	Søndag	Laurdag	Torsdag	Tysdag	Laurdag

Kjelde: [Vegkart.no](http://Vegkart.no)

## Registrerte skred, etter skredtype. Januar 2016 – juni 2021


Ifølgje [vekart.no](http://vekart.no) er det registrert **18 skred** i Ulvik herad i tida januar 2016 – juni 2022:

- 10 på fylkesveg 572 til Vallavik,
- 6 på fylkesveg 5374 til Osa,
- 1 på fylkesveg 5380 til Espeland,
- 1 på riksveg 13.

Ifølgje [skredregistrering.no](http://skredregistrering.no), gjeld dei fleste skred i perioden **steinskred**, nokon få snø- og jordskred.

Skredhendingar fører til redusert framkomst i Ulvik herad og risiko for alvorlege hendingar.

Ulvik herad har eit samarbeid med NVE for å lage eit opplegg for skredsikring av den kommunale vegen til Hallanger.




Kjelde: [www.skredregistrering.no](http://www.skredregistrering.no)

## Viltpåkøyrel 2016-2021

Ifølgje statistikk frå politiet, er fem hjortar og éin oter påkøyrt på veg i perioden 2016-2021.

Ingen personar vart skadde i ulykkene.



Kjelde: [hjorteviltregisteret.no/Meny/Fallvilt](http://hjorteviltregisteret.no/Meny/Fallvilt) Merknad: Fem viltpåkøyrel i tida 2016-2021 er kartfesta.

## 5 Visjon, mål og strategiar

---

### 5.1 Kva er vår visjon for trafikken?

Me har følgjande visjon:

**Ingen skadde eller drepne i trafikken i Ulvik herad.**  
**Meir fysisk aktiv og berekraftig transport.**  
**Alle som ferdast på vegane i Ulvik herad skal kjenna seg trygge.**

Tryggleik er ein føresetnad for å få fleire til å sykla og gå.

Visjonen byggjar på regionale og nasjonale føringar, men har ein høgare ambisjon enn nullvisjonen om at ingen skal verta drepne eller hardt skadd i trafikken. Årsak er at me har relativt få ulykker i Ulvik herad.

Visjonen inneber eit **felles ansvar**:

- **Heradet:** Syta for systematisk og tverretatleg arbeid med trafikktrygging: Åtferd- og haldningskampanjar, planlegging og oppfølging, drift og vedlikehald, at trafikktryggingstiltak på vegnettet vert gjennomført.
- **Folk som går, syklar, køyrar** i heradet: Følgje trafikkreglane, syta for trafiksikker åtferd ved ferdsle på eller langs vegane.
- **Andre aktørar** som Statens Vegvesen, fylkeskommunen, politiet, Trygg Trafikk, mfl. Sjå vedlegg 1 [Organisering av Trafikkarbeidet](#).

### 5.2 Kva er våre mål og strategiar?

1. Styrka det organisatoriske trafikksikringsarbeidet og stimulera til samordna aktivitet.<sup>10</sup>
2. Stimulera trafikantar i heradet til å ha ei trafikksikker åtferd.<sup>11</sup>
3. Stimulera til berekraftig og fysisk aktiv transport<sup>12</sup>.
4. Leggja til rette for berekraftig og fysisk aktiv transport, og trygg ferdsle for gåande, syklande og andre mjuke trafikantar - især barn, eldre og funksjonsnedsette<sup>13</sup> (fysiske trafikksikringstiltak).
5. Gjennomføra fysiske trafikksikringstiltak basert på meldte behov og prioriteringsgrunnlag.

---

<sup>10</sup> Dette er eit av fire mål i Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland, jf. punkt [2.1d](#) og i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet, jf. punkt [2.4i](#).

<sup>11</sup> Dette er òg eit av fire mål i Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland, jf. punkt [2.1c](#). Sjå i tillegg punkt [2.4d](#) om uoppmerksemd i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet. I alvorlege ulykker er risikoåtferd ofte ein medverkande faktor, til dømes ruspåverka køyring, høg fart, manglande bruk av sikringsutstyr, med meir.

<sup>12</sup> Jf. m.a. punkt [2.2c](#) om at «80 % av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykle til skulen» (frå Strategi for mjuke trafikantar: «Fleire skal gå eller sykle i staden for å nytte bil»), og punkt [2.2f](#) «Berekraftige [...] lokalsamfunn» og g «Stanse klimaendringane» (frå Strategi for berekraftig mobilitet). Dette er også i tråd med ulike mål i [samfunnsdel til kommuneplanen](#) (eit overordna helsemål, s.18, og eit temamål, s.41).

<sup>13</sup> Jf. punkt [2.1b](#), [2.2c](#), [2.3a](#), [2.4e,g,h](#), og [samfunnsdel til kommuneplanen](#), side 35 mål for samferdsle: «Leggja til rette for trygg ferdsle for gåande og andre mjuke trafikantar», og side 41 mål for helseutfordringar: «Leggja til rette for at menneske kan ta gode val for eiga helse i kvardagen».

## 6 Trafikksikringstiltak / Handlingsplan

Her kan du lesa kva trafikksikringstiltak heradet og fylket skal jobba med i planperioden. Tiltaka er lista opp i fem tabellar (pkt. 6.1-6.5) – ein tabell per mål/strategi.

### 6.1 Styrka det organisatoriske trafikksikringsarbeidet og stimulera til samordna aktivitet

Tiltak	Skildring
<b>Trafikksikker kommune</b>	Verta godkjend som <a href="#">Trafikksikker kommune</a> av Trygg Trafikk innan 2024. <sup>14</sup> Godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik og tek utgangspunkt i lover og forskrifter som skal følgjast. Sjå <a href="#">vedlegg 2</a> . Godkjenninga er ein fordel når heradet skal søkja om trafikktryggingstilskot frå fylket.
<b>Trafikktryggleik i økonomiplan og budsjett – årleg fokus</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>Innarbeida trafikksikringstiltaka i økonomiplanen for å sikra årleg fokus på trafikktryggleik.<sup>15</sup></li><li>Ei tverrfagleg arbeidsgruppe<sup>16</sup> følgjer opp planen årleg.</li><li>Evaluera status på tiltak (i forkant av budsjett og søknadsfrist for trafikksikringstilskot) og rapportera til heradsstyret.</li><li>Prioritera nye fysiske tiltak, jf. punkt 6.5.</li><li>Fast årleg budsjettbeløp til trafikktryggleik.</li></ul>
<b>Bruk av trafikktryggleiksteknologi</b>	Vektleggja trafikktryggleik ved kjøp av nye køyretøy (5 stjerner i Euro NCAP, automatisk nødbrems (AEB, fotgjengar-AEB), feltskiftevarsler (LDW), fotgjengarvarsler), og montera alkohollås i nytt køyretøy (kjøp/leasingavtalar).

<sup>14</sup> Ein ny [TØI-rapport](#) (1853/2021) viser at auka fokus på trafikktryggleik i kommunar gjennom Trafikksikker kommune har ført til at kommunalt tilsette oppfører seg sikrare i trafikken og tenker meir på trafikktryggleik i kvardagen. Tilnærminga bryt med den tradisjonelle tankegangen, som fokuserer på fysiske trafikktryggleikstiltak. Det er òg eit betydeleg rimelegare tiltak.

<sup>15</sup> Einingsleiarar har ansvar for å innarbeida utgiftene innanfor eige budsjettområde.

<sup>16</sup> Her inngår fylket sin kommunekontakt/trafikksikringsrevisor.

## 6.2 Stimulera til at trafikantar i heradet skal ha ei trafikksikker åtferd

Tiltak	Skildring
<b>Trafikksikker kommune (skule og barnehage)</b>	Opplæring av barn og tilsette i skule og barnehage, og informasjon om trafikktryggleik til foreldre, basert på regelverket/ <a href="#">Trafikksikker kommune</a> - kriteria <sup>17</sup> (jf. punkt 6.1).
<b>Trafikktryggleikskurs</b>	Aktuelle kommunale tilsette deltek på trafikktryggleikskurs gjennom årsmedlemskap i Trygg trafikk <sup>18</sup> .
<b>E-læringskurs/informasjon for betre trafikk-tryggleik</b>	Oppmoda kommunalt tilsette og innbyggjarar til å ta Vegvesenet sitt gratis <a href="#">e-læringskurs</a> for betre trafikktryggleik og fære ulykker, i 2023 og så t.d. anna kvart år. <a href="#">Real Auto Life</a> er eit gratis kurs for ungdom. Nyttar <a href="#">HMS-plakatane</a> til Trygg Trafikk på heimesida, sosiale medier, infoskjermer i heradet. <sup>19</sup>
<b>Stimulera til t.d. bruk av sykkel-hjelm og refleks, til å halda fartsgrensa</b>	Påverka tilsette i heradet og andre til trafikksikker åtferd, t.d. til at dei: <ul style="list-style-type: none"> <li>• held seg til fartsgrensa, gjennom aktiviteter i veka skulen startar,</li> <li>• nyttar sykkelhjelm når dei syklar, gjennom aktiviteter på verdas sykkeldag 3. juni,</li> <li>• nyttar refleks når dei går i mørket, gjennom aktiviteter på den nasjonale refleksdagen 21. oktober.</li> </ul>
<b>Auka fokus på sikring av barn i bil</b>	Tiltak for auka fokus på temaet barn i bil, og spesielt at barna skal sitja sikra bakovervendt i bil til dei er fire år.
<b>Trafikkopplæring for barn</b>	Syta for god trafikk- og sykkelopplæring (jf. kompetanse mål), inkl. el-sparkesykkellopplæring. <sup>20</sup>
<b>Oppfriskingskurs for seniorar</b>	Moglege tiltak er: <ul style="list-style-type: none"> <li>• informera bilførarar over 65 år om <a href="#">oppfriskingskurset</a><sup>21</sup> til Statens vegvesen,</li> <li>• nyttar materiellet <a href="#">TREFF – Trafikksikkerhet for eldre fotgjengere</a> til Statens vegvesen på seniorsamlingar.</li> </ul>

<sup>17</sup> Kriteria for å verta godkjend tek utgangspunkt i lover og forskrifter som skal følgjast. Det fører følgjeleg ikkje til ekstra arbeid, men ei systematisering av trafikktryggleiksarbeidet.

<sup>18</sup> Heradet har nyleg undertekna eit årsmedlemskap i Trygg Trafikk, der slike kurs inngår.

<sup>19</sup> Me kan nyttar plakatane når heradet er godkjend som Trafikksikker kommune.

<sup>20</sup> Trygg trafikk har læringsressursar for barnehagen og skulen som [sykkeldyktig.no](#) og [barnastrafikkklubb.no](#), og [Råd til skoler om el-sparkesykkel](#). Sykkedyktig omfattar også opplæring knytt til el-sparkesykkel.

<sup>21</sup> Når desse er tilgjengelege igjen. Dei er inntil vidare avlyst grunna lange køer på førarprøver som følge av corona. I [Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2022-2025](#) s. 85-86 står at «deler av kursmaterialet er omarbeidet til korte filmsnutter som kan deles i nyhetsbrev, på sosiale medier osv. Det bør arbeides videre med bruk av digitale medier som formidlingskanal overfor denne målgruppen. [...] Trafikksikkerhet bør [...] være en sentral oppgave [...] for de kommunale [...] eldrerådene.»

### 6.3 Stimulera til berekraftig og fysisk aktiv transport<sup>22</sup>

Tiltak	Skildring
<b>Stimulera til fysisk aktiv og berekraftig transport</b>	<p>Døme aktivitetar<sup>23</sup>:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• bevisstgjera skuleelevar, kommunalt tilsette, innbyggjarar om fordelene, t.d. gjennom heimesida og infoskjermar,</li> <li>• gå/sykla-til-skulen aksjon (<a href="#">beintøft</a>) i september,</li> <li>• gå-aksjon (<a href="#">dytt</a>) vår/haust/vinter (fortsetja med dette i heradet, få med fleire arbeidsplassar),</li> <li>• <a href="#">sykla til jobben</a>-aksjon i april,</li> <li>• utlån av el-syklar ved biblioteket for å stimulere folk til å kjøpe el-sykkel og sykla meir,</li> <li>• leige ut sykkelvogn til barnehageforeldre,</li> <li>• sertifisering som sykkelvenleg arbeidsplass.</li> </ul>

### 6.4 Leggja til rette for berekraftig og fysisk aktiv transport, og trygg ferdsle for gåande, syklande og andre mjuke trafikantar - især barn, eldre og funksjonsnedsette / Fysiske trafikksikringstiltak

Tiltak/delstrategi	Skildring
<b>Leggja til rette for berekraftig og fysisk aktiv transport</b>	Fysiske tiltak som fortau/gang- og sykkelveg, kryssingspunkt/gangfelt, sykkelskur (sjå tabell i kapittel 6.5), og tiltak som til dømes: <ul style="list-style-type: none"> <li>• kartleggja behov for fysiske anlegg for gåande – benkar og kvileplassar,</li> <li>• kartleggja behov for snarvegar,</li> <li>• oppgradera sykkelstativ – dei bør gjev god støtte til sykkelen, og moglegheit til å låse både ramme og hjul.<sup>24</sup></li> </ul>
<b>Trygg skuleveg og nærmiljø</b>	Arbeida for tryggare vegar til skulen (og barnehagen) for barn og unge, og trafikksikre soner rundt skulen (og barnehagen). Sjå tabell i kapittel 6.5. Statens vegvesen har ei tilskotsordning i ca. fire år. <sup>25</sup>
<b>Trygg ferdsle for eldre, funksjonsnedsette mfl.<sup>26</sup></b>	Utforma fysiske trafikksikringstiltak universelt <sup>27</sup> , slik at alle menneske, især eldre og funksjonsnedsette, kan nyta det som vert utforma. Dette kan redusera risikoen for at menneske vert skadde eller drepne.

<sup>22</sup> Berekraftig transport skaper lite eller inga forureining, som å gå eller sykkel-pendling. Det kan òg vera offentleg transport som buss og tog. Det finst òg andre drivstoff som kan nyttast, som til dømes bioetanol, biogass og liknande.

<sup>23</sup> Her kan me søkja om [Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar - Vestland fylkeskommune](#)

<sup>24</sup> Jf. Stavanger sin [Sykkelparkeringsveileder](#).

<sup>25</sup> [Tilskudd til tryggere skoleveier og nærmiljø | Statens vegvesen](#). Målet er å auka trafikktryggleiken for barn og unge og at fleire barn skal sykla og gå til skulen

<sup>26</sup> Universell utforming er eitt av fire hovudmål for transportpolitikken gjennom Stortingsmelding nr. 16 (2008-2009).

Ref. [rettleiar V129 Universell utforming, Byggeteknisk forskrift TEK17](#)

<sup>27</sup> Trinnfri adkomst, ledelinjer, tydeleg informasjon og gangvegar utan hindringar er sentrale element for at vegsystemet skal vere tilgjengeleg for alle.

## 6.5 Gjennomføra fysiske trafikksikringstiltak basert på innmeldte behov og grunnlag for prioritering

Dette avsnittet inneholder ein tabell over innmeldte fysiske trafikksikringstiltak.

### Korleis er tiltaka sortert?

Tiltaka er sortert etter tiltakskategoriane:

- fortau/gang- og sykkelveg,
- kryssingspunkt/gangfelt,
- skilt/fart,
- vegljos,
- vegutbetring,
- siktutbetring,
- parkering
- anna.

### Korleis er tiltaka prioritert?

Tiltaka er prioritert med bakgrunn i m.a.:

- om dei er i tråd med mål/punkt 6.4 over,
- regionale og nasjonale føringer for trafikksikringsarbeidet (sjå kapittel 2 og især Handlingsplan trafikktrygging i Vestland 2022-2025 i vedlegg 3),
- ulykkesstatistikk,
- risiko for personskade,
- tal trafikantar som er omfatta,
- kostnad og moglegheit for tilskot<sup>28</sup>.

Vedlikehald og opprusting av kommunale vegar vert prioritert med bakgrunn i tilstand på vegane og planlagt vatn- og avløpsarbeid.

### Korleis ser ein kva prioritet eit tiltak har?

Fargekoden viser kva prioritet eit tiltak har:

Farge	Prioritet
	Høg
	Middels
	Mindre
	Rutine-/planmessig arbeid

Høg og middels prioriterte tiltak, startar me på i fyrste del av planperioden. Planen vert rullert årleg.

### Kva er strakstiltak og langsiktige tiltak?

Type	Kode	Beløp	Skildring
Strakstiltak	St	ofte < kr 300 000	Tiltak som vegeigar kan gjennomføra på eigen veggrunn og innan eigedomsgrensa til vegen. Den enkelte vegeigar kan vurdera, handsama, og fatta vedtak om å etablera og gjennomføra tiltaka.

<sup>28</sup> Tilskotsordningar:

[Tilskudd til tryggere skoleveier og nærmiljø | Statens vegvesen](#)  
[Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak - Vestland fylkeskommune](#)

Type	Kode	Beløp	Skildring
<b>Langsiktige tiltak</b>	Lt	> kr 300 000	<p>Tiltak som m.a. krev:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- utarbeiding av reguleringsplanar, prosjektering, grunnavståing,</li> <li>- og/eller større økonomiske midlar til gjennomføring.</li> </ul> <p>Sjølv om tiltaket er høgt prioritert, kan det ta tid før tiltaket kan verta realisert.</p>

**Kva finn du ikkje i tabell 6.1 over fysiske trafikksikringstiltak?**

- Driftstiltak er formidla til driftseining.
- Forslag til tiltak som gjeld speglar. Fagkundige tilrår ikkje bruk av spegel som siktsbetringstiltak sidan det er vanskjeleg å vedlikehalde speglar. Dei tilrår å rydde sikt/vegetasjon.
- Eventuelle trafikksikringstiltak knytt til plassering av ny brannstasjon, som det jobbast med. Dette må heradet jobba med.

**Heradet må søkja fylket om å gjennomføra tiltak**

Ulvik herad må søkja Vestland fylke spesifikt på dei tiltaka som me ønsker å få gjennomført.

**Tabell 6.1 Fysiske trafikksikringstiltak**

Nr	Kategori	Pri	Ansvar	Veg	Stad	Skildring	Kommentar
1	Fortau/gang- og sykkelveg	Lt	Fylket	fv 5374 fv 5376	Prestekaien – Lekve (ca. 1,5 km)	Gang- og sykkelveg. Forprosjekt	Skuleveg. Veg til idrettsplass for barn og unge, turistar m.fl. > Føresetnad: Heradet må sørge for at forprosjektet vert forankra i handlingsprogrammet for Regional Transportplan for Vestland som vert rullert/vedteken rundt oktober 2023.
2	Fortau/gang- og sykkelveg	Lt	Fylket	fv 5374 fv 5376	Lekve – idrettsanlegget (ca. 0,6 km)	Gang- og sykkelveg	Skuleveg. Veg til idrettsplass for barn og unge, turistar m.fl.
3	Fortau/gang- og sykkelveg	Lt	Fylket	fv 5374	Framfor Tyssevikvegen 18 (ca. 52 m)	Fortau/opphogd gang- og sykkelveg	Forlenging av opphogd g/s-veg fra Prestebrekka til sentrum. Skuleveg.
4	Fortau/gang- og sykkelveg		Fylket	fv 5381	Bensinstasjon - Prestegarden (ca. 400 m på Øvragardsvegen)	Gang- og sykkelveg. Alt. fartsdumpar?	Skuleveg
5	Fortau/gang- og sykkelveg		Fylket	fv 572 fv 5374 fv 5380 kv 1001	Vambheimsvegen - Prestebrekka Bensinstasjon - kryss kyrkja Skeiesvegen + øvrige veger på mfl. Brakanes	Utbetra gangvegar og gang- og sykkelvegar til dagens standard.	Skuleveg
6	Fortau/gang- og sykkelveg	Lt	Heradet	kv 1001	Bru over Tysso til skulen	Utvila skulebrua med gangbane på utsida/Overbygd gang- og sykkelbru ved sida av skulebrua.	Skuleveg. Tiltaket må sjåast i samanheng med utbygging av kraftstasjonen.
7	Kryssingspunkt /gangfelt		Fylket	fv 'ane kv 'ane	Sentrum og barnehagen	Telja trafikk og vurdera grunnlag for fotgjengarfelt.	
8	Skilt/fart	St	Fylket	fv 572 fv 5380	Vallavikvegen Løyning - Aurdal	Utstyra skilt for hjortekryssingsfare på Vallavikvegen og strekninga Løyning - Aurdal med permanente varsellamper. Justera plassering av skilt på Vallavikvegen.	Risiko for utforkøyringsulykker

Nr	Kategori	Pri	Ansvar	Veg	Stad	Skildring	Kommentar
9	Skilt/Fart	Lt	Fylket Heradet Trygg Trafikk	fv 572 fv 5374 kv 'ane	Sentrum og heilt til barnehagen/skuleveg. Nærrområdet til skulen	Utarbeida skiltplan og plan om hjartesone rundt skulen.  Tiltak generelt: Vurdera behov for fartsdumpar, skilt handikapparkering, skilt barn. Tiltak hjartesone: Fartsgrense rundt skulen, kryssing og droppsoner for skulebarn ved rundkøyringa, bruk av parkeringsplass til skulen i skuletida, diverse skilt (t.d. barn, fortau, gang- og sykkelveg) og meir.	Mål: Tryggare skuleveg og tryggare nærmiljø for barn som går og syklar til skulen. Fokus nasjonalt.
10	Skilt/Fart		Fylket	fv 5380 fv 5374 fv 5376	ca. Byrsevn - Drevtjørn Barnehagen - Osa Hjeltnesvegen	Vurdera nedsett fartsgrense på utvalde stadar. T.d. der det går barn, ved parkeringa til skiløypa ved Solsæ og Drevtjørn.	Skiltplanen som fylket og heradet har utarbeidd knytt til førre trafiksikringsplan, dekker fart på fylkesvegane i sentrum.
11	Skilt/fart		Heradet	kv 1003	Promenaden	Bilfrisone frå og med Wollert og rundt kyrkja/promenaden.	
12	Vegljos		Fylket	fv 5374	Ryggenestunnelen i Osa	Ljos i tunnelen for mjuke trafikantar / ljos som varslar "syklist i tunnelen".	Den gamle vegen på utsida av tunnelen i Osa vert stengt. Det har gått ras og er rasfare. Her går og syklar turistar. > Fylket vurderer moglegheiter for varsling av syklistar i tunnel i heile fylket.
13	Vegljos	Lt	Fylket	fv 5376	Lekve - Gauro (ca. 300 m)	Vegljos til idrettsanlegget. Dette må takast samtidig med gang-/og sykkelveg.	Barn og ungdom går/syklar i mørket. Vegljos, og gang- og sykkelveg er implementert i reguleringsplan for Holmen.
14	Vegljos		Fylket Heradet	fv 5380 fv 5381 fv 5374 fv 5376		Kartleggja behov for gateljos langs fylkesvegar.	
15	Vegljos		Heradet	kv 'ane		Kartleggja behov for gateljos langs kommunale vegar.	
16	Vegutbetring		Fylket	fv 5380 fv 5381	Espelandsvegen Øvragardsvegen	Opprusta vegen, t.d. med møteplassar, utvida svingar, autovern, sikra sideterregn.	
17	Vegutbetring		Fylket	fv 5376	Lekve - Holmen	Opprusta vegen, t.d. med møteplassar, utvida svingar.	Kan sjåast i samanheng med gang- og sykkelveg.
18	Vegutbetring		Heradet	kv 1038	Apalvegen	Møteplassar for næringstrafikk	
19	Vegutbetring		Heradet	fv 5381 kv 1049	Kryss Øvragardsvegen - Vestrheimsvegen	Utvida krysset, stopplinje og -skilt. Trongt og uoversiktleg, stor stigning - utfordrande for tyngre køyretøy, skuleborn ventar på skyss.	

Nr	Kategori	Pri	Ansvar	Veg	Stad	Skildring	Kommentar
20	Vegutbetring		Heradet	kv 1040	Vambheimsvegen	Generell vedlikehald / opprusting	
21	Vegutbetring		Heradet	kv 1052	Fristevegen	Generell vedlikehald / opprusting	
22	Vegutbetring		Heradet	kv 1032	Sjovegen	Generell vedlikehald / opprusting	
23	Vegutbetring		Heradet	kv 1061	Utkørsle frå Elvatun	Generell vedlikehald / opprusting	
24	Siktutbetring		Fylket Heradet	fv'ane kv'ané		Rydde sikt, vegetasjon	
25	Siktutbetring		Fylket	fv 5374 fv 5380 fv 5381 Heradet	Sentrum – Lekve. Ca. 2 km. kv'ane	Rydde sikt, vegetasjon.	fv 5374: Fylkeskommunen skal vurdera dette hausten 2022.
26	Siktutbetring		Heradet	kv 1061	Utkøring frå Elvatun	Betra sikt mot høgre for utkøring	
27	Parkering		Heradet	pv 99649	Parkeringsplass til andre sida av bruva.	Flytta parkeringsplass til andre sida av bruva. Batra innkøring frå hovudvegen til Solsævegen.	
28	Anna		Fylket	fv 5380	Brua ved Mylna	Tilsvarande rekksverk som på oppsida av vegen	
29	Anna		Fylket	fv 5374	Osavegen	Gjera om til forkørsveg	> Fylket skal vurdera om dette er mogleg.
30	Anna	St	Fylket	fv 5374	Barnehagen	Busskur	Folk i området går og syklar til haldeplassen ved barnehagen for å ta buss.
31	Anna		Fylket	fv 5374 fv 5376	Osavegen Hjeltnesvegen	Busskur langs vegen på strategiske plassar.	
32	Anna	Lt	Heradet		Barnehagen	Tryggare adkomst for mjuke trafikantar og berekraftig mobilitet til barnehagen.	Skilja gåande og syklende frå køyrande for betre trafikktryggleik. Leggja til rette for sykling, gåing m.m. Sykkelhus nedenfor parkeringsplassen med gangveg til barnehageporten. Utvida p-plass og merke opp fotgjengarfelt der barna skal gå. Sjå eksempelskisse under tabellen.
33	Anna		Heradet		S-bygget, og ev. andre strategiske plassar	Sykkelhus/-skur som er godt synlege, lett tilgjengelege, attraktive, med tak mot regn og plass til sykkelvogn.	

**Tabell 6.2 Estimerte kostnadar for ofte brukte trafikksikringstiltak**

Tiltak	Kostnad i kroner (estimat inkl. mva)	per
Fortau	10 000	m
Gang- og sykkelveg	15 000	m
Skilting	10 000	skilpunkt
Fartsdempande tiltak	50 000 - 250 000	
Vegljos	1 750	m + driftsutgifter
Vegrekker verk	2000 - 3500	m
Gangfelt inkl. vegljos	100 000 - 200 000	stk

Kjelde: [Norconsult](#) (s.48)

#### Tiltak nr. 6 - Døme på overbygd gangbru

Gangbru over Vikselv




Foto: [PLAN Arkitekter](#)

Brua over Vosso



Foto: Geir Geitle, [avisa Hordaland](#)

**Tiltak nr. 32 – Eksempelskisse tryggere adkomst til barnehagen for mjuke trafikantar og berekraftig mobilitet til barnehagen**



## Vedlegg 1. Organisering av trafikksikringsarbeidet

Aktør	Rolle og oppgåver
 <b>Ulvik herad</b>	<p>Heradet har roller og oppgåver som inneber at ein direkte eller indirekte har mange partar som kan medverke til å betre trafikktryggleiken, til dømes planmynde, skule- og barnehageeigar, arbeids-givar, transportkjøpar, folkehelseaktør (ved å førebyggje sjukdom og skade hos innbyggjarane), vegeigar.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Eig <u>kommunale vegar</u>: Ansvar for investeringar, drift og vedlikehald, og trafikktryggingstiltak, jf. veglova.</li><li>• Ansvar for å <u>førebyggje</u> skadar og ulykker, jf. folkehelselova og plan- og bygningslova.</li><li>• Forankra og <u>leggja til grunn trafikksikringsplanen</u> i all planlegging, utbygging, drift og vedlikehald, sakshandsaming og politiske vedtak i planperioden.</li><li>• <u>Følgja opp planen, samordna arbeidet, styrka</u> den kommunale innsatsen knytt til trafikktryggleik i heradet.</li><li>• Syta for at innmelde trafikksikringstiltak vert følt opp.</li><li>• Syta for at <u>planarbeid</u> skjer i tråd med <u>trafikksikringsplanen</u>.</li></ul>
 <b>Statens vegvesen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• <u>Vegmynde</u> for europa- og riksvegane. Ansvar for å forvalte, utreie, planlegge, bygge, drifte og vedlikehalde riksvegane.</li><li>• Sektoransvar for <u>trafikktryggleik</u>.</li><li>• <u>Skiltstyresmakt</u> for m.a. fylkesvegane.</li><li>• Utarbeidar <u>vegnormalar</u> og <u>handbøker</u>. Desse nyttar fylkeskommunen i sitt arbeid.</li><li>• <u>Ansvar</u> for å skrive ut førarkort, gjennomføra utekontrollar og føra tilsyn med verkstader og trafikkskular.</li><li>• Overordna ansvar for å <u>følge opp nasjonal politikk</u> for det offentlege vegtransportsystemet, inkludert løysingar for gåande og syklande.</li><li>• Utvikla og leggja til rette for eit heilskapleg og framtidsretta transportsystem i heile landet som <u>fremjar framkomst, reduserer transportulykkene</u> og bidreg til omstilling til <u>lågutsleppssamfunnet</u>.</li><li>• Utvikla tydelege <u>regelverk og standardar</u> for smart transport og moderne vegbygging for alle vegar.</li></ul>
 <b>Vestland fylkeskommune</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tilrå og samordna tiltak for å <u>fremja trafikktryggleik</u> i fylket jamfør vegtrafikklova §40a. Dette inneber å styrka samarbeidet og koordineringa mellom dei ulike trafikktryggingsaktørane, og løfta det regionale trafikktryggingsarbeidet.</li><li>• Eig <u>fylkesvegnettet</u>. Ansvar for å prioritera, løyva midlar, planleggja, byggja, drifta og halda ved like vegnettet, og beredskap på vegnettet.</li><li>• Drifta <u>kollektivtransporten</u>.</li><li>• <u>Trafikktryggleikansvar</u> som regional planmynde og utviklingsaktør, vegeigar og skuleeigar.</li></ul>

- 
- Fremja folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen er tillagt, etter folkehelselova §20. Understøtta folkehelsearbeidet i kommunane, vera ein pådrivar og koordinator for folkehelsearbeidet i fylket.
  - Høyningspart for kommunale trafikksikringsplanar.
  - Arbeida for eit trygt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.
  - Arbeida for at vegar sikrast mot ras, utrasing, flaum og andre naturhendingar.
- 



Hovudmålet for politiet sitt trafikksikringsarbeid er å redusera talet på drepne og hardt skadde i trafikken gjennom:

- kontrolltiltak: fart, promille, beltebruk m.m.,
  - førebyggjande tiltak ovanfor mjuke trafikantar, især dei yngste - ofte i samarbeid med skulen.
- 



Uavhengig landsomfattande organisasjon for frivillige trafikktryggleiksaktørar.

- Bindeledd mot offentlege mynde med ansvar for trafikktryggleik.
  - Byggja nettverk, skapa møteplassar, arrangerar ein årleg nasjonal konferanse.
  - Arbeida for å oppnå best mogeleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper; pådrivar lokalt og nasjonalt.
  - Samarbeida om trafikktryggleikspolitiske saker.
  - Kompetansesenter for trafikkopplæring av born og unge. Vedtektsfesta ansvar for at trafikkopplæring og informasjon om trafikktryggleik skjer som eit ledd i ein samordna innsats mot trafikkulykker.
- 

#### Andre viktige aktørar

Arbeid med trafikktryggleik skjer på ulike arenaer. Ulvik herad er følgeleg avhengig av eit godt samarbeid med viktige aktørar som:

- lag, foreiningar og organisasjonar,
  - råd,
  - aktørar innan trafikkopplæring,
  - hjelpekorps,
  - helsevesen,
  - skule og barnehage,
  - foreldre - dei har eit overordna ansvar for å oppdra borna til å ha god åtferd og haldning i trafikken og vera gode rollemodellar i bruk av sikringsutstyr som bilbelte, refleks og sykkelhjelm.
-

## Vedlegg 2. Trafikksikker kommune

---

Trafikksikker kommune er eit organisatorisk trafikktryggingstiltak og ei nasjonal godkjenningsordning i regi av Trygg Trafikk. For å verta godkjend som trafikksikker kommune skal kommunen ha innarbeidd rutinar og system for å kvalitetssikre trafikktryggingsarbeidet i heile verksemda.

Godkjenninga inneber at kommunen forpliktar seg til å arbeide systematisk med trafikktryggleik i alle relevante sektorar innanfor sitt ansvarsområde, og byggjer mellom anna på desse kriteria:

- Kommunen har forankra ansvaret for trafikktryggingsarbeidet hos ordførar og kommunedirektør.
- Kommunen har innarbeidd trafikktryggleik i HMS-/internkontrollsystemet som gjev reglar for reiser og transport i regi av kommunen, og ved kjøp av transporttenester.
- Trafikktryggleik er eit årleg tema i arbeidsmiljøutvalet til kommunen.
- Kommunen har ei oppdatert oversyn over trafikkulykker i kommunen.
- Kommunen har ein trafikktryggingsplan.
- Kommunen har eit godt system for å handsama søknader om skyss på grunn av særleg farleg skuleveg.
- Kommunen har oppfylt kriteria for den enkelte sektoren (oppvekst, kultur, helse, teknisk, plan, HR).

Godkjenninga gjeld i tre år, og deretter kan kommunen verta godkjend på nytt.

# Vedlegg 3. Handlingsplan for trafikktrygging i Vestland 2022-2025<sup>29</sup>

<b>Nullvisjonen om ingen drepne eller hardt skadde i vegtrafikken ligg til grunn.</b>			
<b>Hovudmål: Færre skal omkomma eller verta hardt skadde i vegtrafikkulykker i Vestland.</b>			
<b>Overordna strategi:</b> Trafikktryggingsarbeidet skal vere retta mot dei mest alvorlege ulykkestypane og trafikantar med særleg høg risiko.			
<b>Satsingsområde (1-4) med delmål:</b>			
<b>1. Møte- og utforkøyringssulykker utanfor tettbygde strøk.</b> Færre skal omkomma eller verta hardt skadde i møte- og utforkøyringssulykker.	<b>2. Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg.</b> Færre mjuke trafikantar skal omkomma eller verta hardt skadde.	<b>3. Trafikksikker åtferd</b> Fleire trafikantar skal ha ei trafikksikker åtferd.	<b>4. Trafikktryggingsarbeidet i Vestland</b> Det organisatoriske trafikktryggingsarbeidet skal styrkast og stimulera til samordna aktivitet.
<b>Strategiar:</b>			
Risiko for alvorlege ulykker på fylkesvegnettet skal reduserast gjennom målretta tiltak mot møte- og utforkøyringssulykker.	Risiko for alvorlege ulykker på fylkesvegnettet skal reduserast gjennom målretta tiltak mot ulykker med mjuke trafikantar.	Bidra til trafikkopplæring og åtferdsretta arbeid for barn, unge og eldre.	Sikre aktiv samhandling og kunnskapsdeling med dei ulike aktørane i trafikktryggingsarbeidet.
Ha eit særskilt fokus på trafikktryggleiken for førarar av moped og MC.	Medverke til at barn og unge kan ferdast trygt i trafikken gjennom blant anna sikring av skulevegar, nærmiljø og annan infrastruktur.	Jobba for auka bruk av sikkerheitsutstyr, som bilbelte, hjelm og refleks.	Utvikla vidare trafikktryggingsarbeidet i eigen organisasjon [...]
	Prioritera trygge skulevegar, og særlege trafikksikringstiltak, slik som hjartesoner rundt skular.	Jobba for å redusera risikoåtferd i trafikken, som ruspåverka køring, høg fart, aktlaus framferd og manglande merksemd.	Fremja eit heilskapleg, breitt og systematisk kommunalt trafikktryggingsarbeid [...]
	Sette inn målretta tiltak, for å sikre at auken i talet gåande og syklande ikkje går på kostnad av nullvisjonen.		Støtta og oppmuntra til eit aktivt, lokalt trafikktryggingsarbeid, og styrka samhandlinga med frivillige organisasjonar.
	Styrka drift og vedlikehald av gang- og sykkelinfrastruktur.		Prioritera det systematiske, førebyggande trafikktryggingsarbeidet retta mot kommunal planlegging og arealplansaker.

Eit punkt har kome til utkast til handlingsplan over, jf. saksprotokoll:

2. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025 med slikt tillegg:

- Nytt strategipunkt i delmål punkt 2: Øke trafikksikring ved busstopp langs fylkesveiene, veistrekninger med høy fartsgrense må ha høy prioritet.

<sup>29</sup> Oppdatert dokument kjem til å liggja her: <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar/>